

PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte: 7-2016
Tid: Fredag 30. september kl. 09:00 - 14:30
Stad: Nordhordland Utviklingssselskap IKS

Til stades:

Ordfører:	Karstein Totland (ikkje sak 63-64/16), Hallvard Oppedal (ikkje sak 63-64/16), Øyvind Oddekalv, Stian Herøy, Per Lerøy, Astrid Aarhus Byrknes (Nina Bognøy fram til kl. 11:00), Tom Kristian Thorsen, Jarle Skeidsvoll, Jostein Borlaug (varaordfører Radøy)
Rådmenn:	Øivind Olsnes, Reidun Halland(ikkje sak 63-64/16), Ingvild Hjelmtveit, Jarle Landås, Jostein Førre, Olav Mongstad (ass. rådmann Austrheim)
NUI:	Rune Heradstveit og Kari Evensen Natland (sak 58/16)
Andre:	Fylkesmannen i Hordaland: Åse Vaag (sak 62/16) Meland kommune: Landbrukssjef Laila Bjørge (sak 58/16) Skys: Oddmund Sylta, Målfrid Vik Sønstabø, Vigdis Bjørge
Forfall:	Jon Askeland, Jan Olav Osen, Ørjan Raknes Forthun, Ingebjørg Vamråk, Svein Helge Hofslundsengen

Sak 56/16	Godkjenning, møteinnkalling og saksliste Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 57/16	Godkjenning, protokoll møte 6-2016 Møteprotokoll frå møte 6-2016 vart godkjent utan merknadar.
Sak 58/16	Lokalmatsatsinga, Smaken av Nordhordland Kari Evensen Natland og Laila Bjørge presenterte prosjektet lokalmatsatsinga «Smaken av Nordhordland. Dei gjorde greie for bakgrunn, aktørbiletet, forprosjektet, mål med prosjektet og hovudprosjekt og søknad – jf. vedlagte presentasjon. Vedtak: Regionrådet synest «Smaken av Nordhordland» er eit spennande og viktig prosjekt som kan vera med å auka identiteten og omdømmet til regionen. Mat, kultur og opplevingar vil vera viktig i arbeidet med å løfta reiselivet i regionen, og høver saman med at ein no ynskjer å organisera dette saman med Bergen Reiselivslag og kysteventyret. Regionrådet set stor pris på at næringa er sterkt inne i matprosjektet. Regionrådet ønskjer ei større felles satsing på lokalmat i regionen, og stiller seg bak ein prosjektsøknad for «Smaken av Nordhordland».
Sak 59/16	Status for arbeidet med Nærpolitireforma. Karstein Totland gjorde greie for arbeidet med politireforma. Det har skjedd lite utover det som kom fram i Førdemøtet der alle ordførarar var invitert, og som det vart orientert om i Regionrådsmøtet 2. september. Totland viste til e-postar med forslag til organisering som er sendt til Postmottak i alle kommunane. Nytt møte i styringsgruppa er 5. oktober. Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til etterretning.

Utval for kultur, omdømme og kunnskap. Øivind Oddekalv

Utvalet har hatt møte med fylkesidrettsjefen Britt Karen Spjeld og med utviklingssjef på kulturavdelinga Ronny Skår. Tema var anlegg og planar som er større enn det den enkelte kommune i utgangspunktet kan ha. Kva er dei lokale behova og kva skal ein samarbeida om på tvers av kommunane? Regionale anlegg med fylkeskommunalt medansvar. Det bør gjennomførast ei kartlegging i kommunane over kva ein har av anlegg, og kva som bør løftast opp som regionale anlegg. Regionen bør vurderer å laga ein interkommunal plan for idrettsanlegg.

Kulturforum i Nordhordland som består av kultursjefar og liknande i kommunane var invitert til møtet.

Vedlagt, referat frå siste møte i utvalet.

Utval for nærings- og samfunnsutval. Hallvard Oppedal

Utvalet har hatt tre møte i haust. Det fyrste var lagt til PSW på Mongstad, medan det andre var hos Gulen og Masfjord Næringsråd. Viktigaste tema har vore skulebruksplan – og denne set opp i mot næringslivet.

Det siste møtet var lagt til Dampen og høvde saman med namne sleppfesten til Nordhordland Næringslag. Tema var elles:

- status for arbeidsledighet, sysselsettinga og skatteinntektene for kommunane i Nordhordland
- Skulebruksplanen
- Status for Interkommunal nærings- og samfunnsplan
- Høyring – Utgreiing om Ringveg øst og E39 nord i Åsane

Neste møte er i november og dette har utvalet lagt til Tysse Industrier på Osterøy.

Vedlagt, referat frå siste møte i utvalet.

Helseutvalet. Astrid Aarhus Byrknes,

Astrid Toft, KS var invitert til siste møtet i utvalet for å presentera rapporten; «Kommunal legetjeneste - kan den ledes?». Rapporten er utarbeidd av Agenda Kaupang på oppdrag frå KS. Overordna mål for prosjektet har vert å kartlegga og analysera kommunane sitt handlingsrom for å utøva god leiging av legetenesta, og om kommunane nyttar seg av dette handlingsrommet. Rapporten viser at legar er opptatt av meir kommunal styring av legetenesta, og at ei tydeleg kopling mellom administrativ leiging og leiar for legetenesta gir gode resultat. Gjennom rapporten får ein også stadfesta at fastlønna legar gir større moglegheit for styring enn når legane er private.

Byrknes orienterte vidare om prosjekt «Utdanningsstillingar i primærhelsetenesta» Ei arbeidsgruppa for prosjektet har utarbeidd eit utkast til prosjektplan som skisserer utfordringsbilete og forslag til pilotprosjekt for Bergen og omlandskommunar. Arbeidsgruppa har samarbeidd med KS Vest, Universitetet i Bergen, Haraldsplass Diakonale Sjukehus, Haukeland Universitetssjukehus, Bergen kommune, Legeforeininga og Nasjonalt senter for distriktsmedisin Tromsø. Prosjektskisse og vidare planar er presentert for Helsedirektoratet og helseminister Bent Høie og aktuelle samarbeidspartar. Målet var m.a. å synleggjera og skapa ei bevisstgjering av behovet for å utdanna legar med brei kompetanse innanfor alle delar av primærhelsetenesta. Planen for eit prosjekt gjeld kommunane i Region Nordhordland og Bergen kommune. Til no er det Masfjorden og Gulen som er aktuelle kommunar i prosjektet. Masfjorden har etter søknad motteke kr 200 000 i innovasjonsmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland til utviklingsarbeidet.

Helseutvalet ynskjer elles å jobba med færre saker, men viktige saker, og heller jobba skikkeleg med desse enn å gapa over alt. Utvalet har prioritert tre område: Rekruttering / kompetanse, kompetanse krevjande område (spesialistområde) og utvikling av innhaldet i helsehuset.

Vedlagt, referat frå siste møte i utvalet.

Vedtak:

Regionrådet tok orienteringane til etterretning.

<p>Sak 61/16</p>	<p>Status - saker NUI. Dagleg leiar Rune Heradstveit orienterte kort om status for ulike prosjekt NUI jobbar med.</p> <table border="1" data-bbox="355 174 1481 965"> <tr> <td data-bbox="355 174 740 275">Jordmasseprosjekt.</td> <td data-bbox="740 174 1481 275">Del 1 er ferdig, oppstart av del 2 no etter ynskje frå Fylkesmann og fylkeskommune sidan resultatet av del 1 var så godt. Prosjektet har fått skjønsmidlar frå Fylkesmannen.</td> </tr> <tr> <td data-bbox="355 275 740 376">Smaken av Nordhordland</td> <td data-bbox="740 275 1481 376">Viktig å sjå dette prosjektet i samband med prosjekt framtidig organisering av reiselivet i Nordhordland. Sjå sak 58/16</td> </tr> <tr> <td data-bbox="355 376 740 506">Interkommunal nærings- og samfunnsplan.</td> <td data-bbox="740 376 1481 506">Styringsgruppa hadde møte 28. september, og planen vert oppdatert i forhold til endringar som har skjedd siste månadane, bl.a. vedtak om kommunesamanslåing og nedlegging av BRB. Planen kjem til slutthandsaming i neste møte i Regionrådet.</td> </tr> <tr> <td data-bbox="355 506 740 600">Framtidig organisering av reiseliv</td> <td data-bbox="740 506 1481 600">Dei fleste kommunar har hatt saka til handsaming politisk no. NUI vil koma ut med samarbeidsavtale så snart det let seg gjera.</td> </tr> <tr> <td data-bbox="355 600 740 667">Nordhordland Biosfæreområde</td> <td data-bbox="740 600 1481 667">Prosjektet har ansvaret for NordMab Workshop 17.-19. oktober.</td> </tr> <tr> <td data-bbox="355 667 740 864">Helsehuset</td> <td data-bbox="740 667 1481 864">Revisjonen av skisseprosjektet grunna endringar som konsekvens av «den nye kommunen» er snart ferdig (viser til orientering i Regionrådet 2. september). Moglegheitsstudiet vedr den kommunale tomte er sendt til Lindås kommune. Arbeidet med grensesnitt og utbyggingsavtale legger føringar for framdriftsplanen til prosjektet.</td> </tr> <tr> <td data-bbox="355 864 740 965">Interkommunal akvakulturplan</td> <td data-bbox="740 864 1481 965">Regionen er tildelt skjønsmidlar til å laga ein Interkommunale akvakulturplan. NUI vil jobba med å få på plass ein prosjektorganisasjon.</td> </tr> </table> <p>Nordhordlandsting Det var i sist Regionrådsmøte drøfta behovet for eit Nordhordlandsting i samband med behov i prosjekt Nordhordland Biosfæreområde. Behovet for dette er utsatt grunna manglande avklaringar i den Norske MAP komiteen. Ein vil derfor koma tilbake med tidspunkt for eit Nordhordlandsting .</p> <p>Interkommunale samarbeidsordningar Dagleg leiar viste til arbeidet med kommunereforma og med liste og tal over ulike interkommunale samarbeidsordningar som ulike folk har brukt. Dagleg leiar la fram ei liste over samarbeidsordningar som ha meinte er den reelle lista med litt usikkerheit. Denne viser 26 samarbeid. Spørsmålet er også kva nivå ein legg lista på. T.d. om eit samarbeid på Kaland skule og barnehage mellom Austrheim og Lindås høyrer til på denne lista. Dagleg leiar vil ta dette vidare til Rådmannsutvalet.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til etterretning.</p>	Jordmasseprosjekt.	Del 1 er ferdig, oppstart av del 2 no etter ynskje frå Fylkesmann og fylkeskommune sidan resultatet av del 1 var så godt. Prosjektet har fått skjønsmidlar frå Fylkesmannen.	Smaken av Nordhordland	Viktig å sjå dette prosjektet i samband med prosjekt framtidig organisering av reiselivet i Nordhordland. Sjå sak 58/16	Interkommunal nærings- og samfunnsplan.	Styringsgruppa hadde møte 28. september, og planen vert oppdatert i forhold til endringar som har skjedd siste månadane, bl.a. vedtak om kommunesamanslåing og nedlegging av BRB. Planen kjem til slutthandsaming i neste møte i Regionrådet.	Framtidig organisering av reiseliv	Dei fleste kommunar har hatt saka til handsaming politisk no. NUI vil koma ut med samarbeidsavtale så snart det let seg gjera.	Nordhordland Biosfæreområde	Prosjektet har ansvaret for NordMab Workshop 17.-19. oktober.	Helsehuset	Revisjonen av skisseprosjektet grunna endringar som konsekvens av «den nye kommunen» er snart ferdig (viser til orientering i Regionrådet 2. september). Moglegheitsstudiet vedr den kommunale tomte er sendt til Lindås kommune. Arbeidet med grensesnitt og utbyggingsavtale legger føringar for framdriftsplanen til prosjektet.	Interkommunal akvakulturplan	Regionen er tildelt skjønsmidlar til å laga ein Interkommunale akvakulturplan. NUI vil jobba med å få på plass ein prosjektorganisasjon.
Jordmasseprosjekt.	Del 1 er ferdig, oppstart av del 2 no etter ynskje frå Fylkesmann og fylkeskommune sidan resultatet av del 1 var så godt. Prosjektet har fått skjønsmidlar frå Fylkesmannen.														
Smaken av Nordhordland	Viktig å sjå dette prosjektet i samband med prosjekt framtidig organisering av reiselivet i Nordhordland. Sjå sak 58/16														
Interkommunal nærings- og samfunnsplan.	Styringsgruppa hadde møte 28. september, og planen vert oppdatert i forhold til endringar som har skjedd siste månadane, bl.a. vedtak om kommunesamanslåing og nedlegging av BRB. Planen kjem til slutthandsaming i neste møte i Regionrådet.														
Framtidig organisering av reiseliv	Dei fleste kommunar har hatt saka til handsaming politisk no. NUI vil koma ut med samarbeidsavtale så snart det let seg gjera.														
Nordhordland Biosfæreområde	Prosjektet har ansvaret for NordMab Workshop 17.-19. oktober.														
Helsehuset	Revisjonen av skisseprosjektet grunna endringar som konsekvens av «den nye kommunen» er snart ferdig (viser til orientering i Regionrådet 2. september). Moglegheitsstudiet vedr den kommunale tomte er sendt til Lindås kommune. Arbeidet med grensesnitt og utbyggingsavtale legger føringar for framdriftsplanen til prosjektet.														
Interkommunal akvakulturplan	Regionen er tildelt skjønsmidlar til å laga ein Interkommunale akvakulturplan. NUI vil jobba med å få på plass ein prosjektorganisasjon.														
<p>Sak 62/16</p>	<p>Utvikling av landbruket i regionen Landbruksdirektør Åse Vaag orienterte om trendar og utvikling av landbruket. Vedlagt presentasjon.</p> <p>Deretter dialog. Det vart frå fleire peika på at fylkesmannsembetet sjølv var det største problemet vedr nedlegging av gardsbruk, når dei ikkje tillèt neste generasjon å byggja seg bustadhus på garden. Skal ein få ungdom og andre til å flytta tilbake til distrikta, så må dei få lov å byggja seg hus. Åse Vaag skjønna problemstillingane og viste til at det ligg forslag om å gjera dette lettare i det lovarbeidet som pågår.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til etterretning.</p>														
<p>Sak 63/16</p>	<p>Skyss. Presentasjon / skissering av framtidige busstilbod i regionen og innhald i trafikkplan Nordhordland. Oddmund Sylta, Vigdis Bjørge og Målfrid Vik Sønstebo frå Skyss presenterte Trafikkplan Nordhordland og prosess og bakgrunn som ligg til grunn for dette.</p> <p>Det å laga trafikkplan er eit puslespel, og det har vore gjort eir grundig arbeid basert på analyser, fokusgrupper og reisevaneundersøkingar. Sjå elles vedlagt presentasjon.</p>														

	Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til etterretning.
Sak 64/16	Meldingar og eventuelt
	Byggjesaksprisen i Nordhordland 2016 Rune Heradstveit orienterte om bygnings- og bustadmiljøprisen i Nordhordland 2016 og vedtekter m.v. Sjø vedlegg. Det er ikkje kome inn forslag frå kommunane, og Rune Heradstveit sender ut ein e-post med vedtekter til Regionrådet etter møtet.
	Høyring – ringveg øst og E39 nord i Åsane Regionrådet ved NUI har bedt Bergen kommune ved byrådsleiar om eit møte for å drøfta korleis ein saman kan jobba med at realisering av ny veg til Åsane vert eit prioritert arbeid. Møtet vert tidlegast fyrste veka i november. Resultatet av møtet vil også vera moment som er med i høyringsuttalen frå Regionrådet. Vedtak: Regionrådet vedtok at NUI og Utval for næring og samfunnsutvikling jobbar fram ein høyringsuttale til utgreiinga «Ringveg øst og E39 nord i Åsane». Dersom ein klarar å få eit høyringsskriv ut til kommunestyra før fristen, hadde det vore ein fordel, men Regionrådet ser at me så kort frist kan det bli vanskeleg.
	Omstillingsutvalet Astrid Aarhus Byrknes orienterte frå møte i «omstillingsutvalet som hadde vore tidlegare på dagen. 20 millionar er sett av til Sør- og Vestlandet, og det er kome inn søknadar for 60 mill. Hordaland olje og gass (HOG) har saman med regionråda i Hordaland levert ein søknad om midlar til eit prosjekt. Byrknes viste til fylkeskommunen la fram denne utan tilråding, og at omstillingsutvalet var negativ til søknaden tross at ho hadde snakka varmt for den.

Knarvik, 3. oktober 2016



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- 58/16 Presentasjon av «Smaken av Nordhordland»
- 60/16 Protokoll 3-2016 Utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling
- 60/16 Protokoll 3-2016 Utval for næring- og samfunnsutvikling
- 60/16 Protokoll 3-2016 Utval for helse og omsorg
- 61/16 Status helsehuset
- 61/16 Interkommunale samarbeidsordningar i Region Nordhordland
- 62/16 Utvikling av landbruket i Nordhordland
- 62/16 Tildelingsbrev og forventningsbrev landbruk 2016 – Hordaland
- 63/16 Skyss, presentasjon trafikkplan Nordhordland
- 64/16 Bygnings- og bumiljøprisen 2016
- 64/16 Bygnings- og bumiljøprisen 2016, oppslag Strilen